

Tysvær kommune
Rådhuset
5570 Aksdal

Høyringsuttale til «Rammeplan for tenester til barn og unge i Tysvær kommune»

Me viser til «Rammeplan for tenester til barn og unge» som Tysvær kommune har ute til høyring. FAU/SU ved Straumen skule har lese rammeplanen og dei vedlegga som er lagt med, og dette er vår høyringsuttale.

Innleiingsvis vil me påpeike eit viktig moment når det gjeld rammeplanen som Agenda Kaupang har utarbeidd, nemleg at det i hovudsak har blitt tatt utgangspunkt i økonomi og sparing. Agenda Kaupang har ikkje tatt omsyn til kvalitet, på tross av at det i pkt. 2 i vedtaket frå formannskapet 17.04.13 står at:

«Det skal i plangjennomgangen leggjast fram grunnjevne forslag til korleis det kan gjennomførast omstillingar/endingar som gir ein samla netto innsparingseffekt på minst 20 mill. kr, samstundes som omsynet til førebyggjande innsatsar, effektiv tenesteproduksjon og god kvalitet i tenestene våre framover i tid blir ivaretatt.»

At fokuset har vore økonomi framfor kvalitet blei presisert av Agenda Kaupang på det opne folkemøtet som Tysvær kommune arrangerte 13.08.14, og av skulesjef Paul T. Søvik då han deltok på FAU møte i Skjoldastraumen 16.09.14. For oss er det uforståeleg at dei folkevalde no skal kunne godkjenne denne rammeplanen når den heilt tydeleg ikkje tek omsyn til vedtaket i formannskapet kor det blir påpeika at kvaliteten i tilbodet til barn og unge skal ivaretakast.

Me reagerer og på at Agenda Kaupang ikkje har sett på moglege innsparingar på det høgste nivået (rådhus-nivået) i tenestene til barn og unge. Ein skulle tru at det ville vore like relevant å sjå på dette nivået, og at det truleg vil vere råd å spare her og. Kvifor høyrer til dømes PPT til helse og førebygging når dei er forankra i Opplæringslova? Kan ein organisere leiinga av dei ulike sektorane som er involvert i tenestene til barn og unge annleis?

Rammeplanen er eit omfattande dokument (med mange vedlegg) som omhandlar fleire områder og tiltak på mange ulike nivå. Det er mykje ein kan kommentere og meine noko om. Me vil i vår uttale hovudsakeleg fokusere på det som påverkar Straumen skule og bygda Skjoldastraumen.

Rammeplanen som er utarbeida av Agenda Kaupang inneheld etter vårt syn fleire faktafeil og feiltolkningar. Me undrar oss over at desse feila ikkje er retta opp i, spesielt med tanke på at Agenda Kaupang sitt arbeid i stor grad byggjer på samarbeid med sektorleiarane, rådmann, ordførar og dei politiske representantane i styringsgruppa.

Viser til Rammeplan for tjenester til barn og unge, side 9

«Arbeidet er gjennomført i nært samarbeid med sektorlederne innenfor barnehage, skole, kultur og helse- og forebygging. Utkast til rapport er diskutert i prosjektgruppen i to omganger, rektorkollegiet har vært konsultert i to omganger og en hovedoppsummering er presentert for kommunestyret.»

Me veit at det er fleire som i løpet av prosessen har gitt tilbakemeldingar om faktafeil og feiltolkningar i rammeplanen, med dette har Agenda Kaupang tydelegvis ikkje har tatt omsyn til. Me reagerer og på at innhald i rammeplan og vedlegg i nokre tilfeller fremstår som motstridande (t.d. når det gjeld forskning på kvalitetsforskjellar på store og små skular, sjå side 3 i høyringsuttalen). Mykje tid og pengar har blitt nytta for å få denne rammeplanen på plass og me hadde sett føre oss eit resultat av større kvalitet.

I det følgjande vil me påpeike nokre av dei feila som ligg i rapporten til Agenda Kaupang.

Elevtalet ved Straumen skule

På side 16 i rammeplanen kan ein lese at elevtalet på Straumen skule i 2014 er 82 elevar og at elevtalet er minkande. Dette stemmer ikkje, elevtalet er aukande, ikkje minkande. Pr. i dag er det 89 elevar ved skulen, altså eit gjennomsnitt på 12-13 elevar i kvar klasse og eit avvik på nesten 10% ut frå kva Agenda Kaupang presenterer. Prognosane for dei neste 2-3 åra som er skissert i tabellen stemmer heller ikkje med kulla som går i barnehagen. Me meiner difor det er viktig å påpeike at desse tala som blir presentert nødvendigvis ikkje er heilt korrekte. Det gode ryktet skulen har gjer og at det stadig kjem nye elevar, og med byggestart på nytt bustadfelt i haust (20 nye tomter, 10 allereie solgt) forventar me at det kjem endå fleire barnefamiliar til bygda innan relativt kort tid. Kommunen har og fleire kommunale tomter som ligg ferdig regulerte både i Bådsvikfeltet og på Skulehaugen og me veit at bygdelaget jobbar aktivt med å få fortgang i arbeidet med å få desse klargjort for sal. Kvifor ikkje kommunen sjølv arbeider aktivt for å få desse tomtene tilgjengelege er for oss uforståeleg. Skulen har god kapasitet så her er det berre til å auke på med elevar.

Timar til styrking og framandspråklege

I vedlegga til rammeplanen har Agenda Kaupang med ein tabell som syner kva dei ulike skulane nyttar til ordinær undervisning, framandspråklege, styrking etc. Her kan det sjå ut som om andelen timar til styrking er høg ved Straumen skule, og at ein då har gode vilkår for

læring. Det som ikkje kjem fram i tabellen er at 14,4% av elevane ved Straumen skule er framandspråklege og at andelen styrkingstimar difor ikkje er korrekt. Faktum er at sparetiltaka som allereie er sett i verk har ført til at ein har måtta tatt ulike grep som ikkje er fagleg forsvarlege og som berre tek omsyn til dei økonomiske rammene. Straumen skule har ikkje timar nok til at det er ein lærartime til kvar klasse i kvart fag. Det betyr at klassar på tvers av trinn må gå saman i mange fag slik at ein til vanleg har grupper på ca. 25 elevar pr. lærar. I nokre økter er ein oppe i 40 elevar pr. lærar. Dette er ikkje pedagogisk forsvarleg, men eit tiltak som er nødvendig av økonomiske årsaker. Den potten som blir brukt til styrking er minimal og vert brukt på elevar som er i ferd med å falle ut slik at dei kan få korte kurs til repetisjon for å nå att klassen sin. Eit heilt nødvendig tiltak for å halde spesialundervisingsprosenten nede.

Mange trur at ein på dei små skulane har mindre grupper pr. vaksen og at ein difor har det «betre» enn på større skular. Sanninga er at det er utfordrande å heile tida slå saman grupper på tvers av trinna og at det er ganske så tidkrevjande for lærarane å samkjøre undervisning på tvers av 2-3 årstrinn. Det at storleiken på elevgruppene kan variere frå år til år gjer at det ikkje blir noko logikk i kva klassar som må slås saman. Dette gjer jobben med å leggje opp det faglege innhaldet i slike grupper endå meir utfordrande. Ein får og utfordringar i høve til storleik på klasseromma og tilgang på fagbøker.

Dårlegare kvalitet på mindre skular

Agenda Kaupang anbefaler Tysvær kommune til å satse på større, kostnadseffektive skular framfor mindre skular som Straumen og Førland. Agenda Kaupang konkluderer med at det er vanskeleg å rekruttere pedagogar med godkjent utdanning til små skular og at dette er ei utfordring for kommunen.

Vedlegg 1 til rammeplan for tjenester barn og unge, side 4

«Norsk og internasjonal forskning gir ingen holdepunkter for å hevde at små skoler gir bedre oppnåelse av skolens målsettinger enn større skoler. Ei heller gir forskningen grunnlag for å hevde det motsatte. Imidlertid har forskningen funnet at små skoler gjennomgående har dårligere tilgang på kvalifiserte lærere enn større skoler. Dersom dette gjelder generelt for små skoler uavhengig av hvor i landet de ligger, og sett i lys av lærerens betydning, er det naturlig å trekke den konklusjon at for å sikre gode og kvalifiserte lærere til alle elever i kommunen, bør skolene ha en viss størrelse.»

Me undrar oss over at Agenda Kaupang ikkje har tatt omsyn til fakta, nemleg at «kommunebarometeret for 2014 viser at Tysvær kommune ligg på første plass når det gjeld kompetanse» (sitat skulesjefen i FAU-møte 16.09.14). Tysvær kommune har berre pedagogar med godkjent utdanning, og dei små skulane skil seg ikkje ut frå resten. Faktisk har me svært kompetente lærarar ved Straumen skule, alle med 4-5 års høgskuleutdanning, og det har ikkje vore noko problem med rekruttering eller ustabilitet i lærargruppa. Me veit at dette

gjeld for Førland skule også. All info om kompetansen til lærarane på dei ulike skulane, både dei store og dei små, ligg lett tilgjengeleg for både skulesjef og rådmann og hadde Agenda Kaupang sjekka fakta kunne denne delen av rapporten vore fjerna eller nyansert.

Agenda Kaupang gir og varierende signaler i rammeplan og vedlegg til rammeplan når det gjeld kvalitet i høve til storleik på skulen. Dei konkluderer som nemnt ovanfor med at små skular slit med rekruttering av kompetente lærar og at kvaliteten ved små skular difor er dårlegare. Samtidig konkluderer dei med følgjande på side 8, vedlegg 1:

På bakgrunn av oppsummeringene gjort av forskningsresultater om temaet er det grunnlag for å trekke følgjende hovedkonklusjoner:

- *Det er andre forhold enn skolestørrelse som er de viktigste for å få en kvalitativ god skole med god trivsel.*
- *Det er ikke forskningsmessig belegg for å konkludere entydig om at kvalitet og trivsel samlet sett varierer for skoler med ulik størrelse.*

Dei påpeiker heller ikkje i rammeplanen at forskinga dei viser til gjeld skular med elevtal under 50, og at det då ikkje gjeld nokre av skulane i Tysvær. Straumen skule har som nemnd 89 elevar dette skuleåret. Straumen skule gjer det bra på nasjonale kartleggingar, spesialundervisninga er redusert til under 7 % (som er kommunens mål) og brukarundersøkingar viser at trivselev ved skulen er høg både for elevar, lærarar og føresette.

Bruk av Kostra

Agenda Kaupang har brukt Kostra-tal i sitt arbeid, og har samanlikna kostnadsnivået i Tysvær med samanliknbare kommunar og gjennomsnittet for kommunegruppa, fylket og landet. Desse samanlikningane er utgangspunktet som er nytta i utforminga av rammeplanen. På folkemøtet vert det stilt kritiske spørsmål både i høve til bruk og innrapportering av Kostra-tal. Ordførar Harald Stakkestad avviste dette og påpeikte at Tysvær kommune oppfattar Kostra-tal som truverdige og korrekte. I ein artikkel i Tysvær Bygdeblad 04.09.14 kunne me derimot lese at rådmann Arvid Vallestad er av ei anna oppfatning. Då Tysvær kommune på Kommunebarometeret 2014 hamnar på 321. plass når det gjeld barnehage svarar rådmannen følgjande:

« Det er viktig å påpeike at denne målinga er eit journalistisk bearbeida produkt. Tala dei går etter er hovudsakleg basert på KOSTRA, og stemmer ikkje med våre eigne. I enkelte sektorar – som barnevern, har det vist seg at fristbrot og feil i innrapporteringa frå vår side er mykje av årsaka»

Vidare i artikkelen står det at ordføreren kommenterer at ein må ta det dårlege resultatet på alvor, og då svarer rådmannen dette;

«Men samtidig er det ein del tal som ikkje stemmer, og dermed ei undersøking som er krevjande å forhalde seg til. Dette har eigentleg ingenting med kvalitet å gjere, la rådmannen til.»

Det ser ut til at rådmannen er av same oppfatning som oss, nemleg at ein ikkje kan stole 100% på Kostra og at det vil vere behov for å kvalitetssikre talmateriale og vere nyanserte i bruken av desse tala. Ein kan ikkje presentere Kostra tal som sanninga og ein må sjå kva som ligg bak tala dersom ein skal nytte dei til å vurdere kostnadseffektivitet. Tala vil heller ikkje kunna nyttast til å måle kvalitet. Me håpar at dei folkevalde og ser slik på bruken av Kostra, og at dei tek dette med seg når dei les rammeplanen som Agenda Kaupang presenterer.

Når me i det vidare skal gi eit høyringssvar på arbeidet med gjennomgangen av tilbodet til barn og unge i Tysvær er det naturleg å forhalde seg til kommuneplanen til Tysvær kommune. Den er utarbeidd og vedtatt av administrasjonen og dei folkevalde, og er eit forplikande dokument. I Kommuneplanen 2012-2024 kan ein lese følgjande:

«I kommuneplanarbeidet skal ein sette seg mål for framtida ut frå korleis ein trur og ønskjer at samfunnet vil utvikle og endre seg dei næraste åra. Kommuneplanen skal vise kommunen sin visjon, overordna mål og strategiar for kva som er viktig for å kunne leve «det gode liv i Tysvær». Tidshorizonten er 12 år, men det vert og gjort vurderingar i forhold til endringar og utfordringar ein ser vil komme lenger fram i tid. (Kommuneplanen samfunnsdelen 2012-2024)»

Skal ein vurdere framtidig skuleutvikling vil altså Kommuneplanen vera eit viktig og styrande dokument. Me vil i det følgjande kommentere to av tiltaka i rammeplanen til Agenda Kaupang, tiltak på kort sikt – rammekutt med jamn fordeling på kvar skule og tiltak på mellomlang sikt – nedlegging av Straumen skule, og sjå dette i lys av kommuneplanen og kva me meiner er viktig for bygda og skulen vår.

Tiltak på kort sikt – rammekutt med jamn fordeling på alle skulane

Eit av dei kortsiktige tiltaka til Agenda Kaupang er rammekutt med jamn fordeling på alle skulane. Her meiner Agenda Kaupang at det er rektorane som skal avgjere kor det skal kuttast. Det seier seg sjølv at dette er eit dårleg alternativ. Skule har allereie spart nokre millionar på denne måten, og innsparingane merkast godt allereie. Rektorane har måtta tatt val ut frå økonomi, ikkje ut frå kva som er pedagogisk forsvarleg og fremjande for læring. Det finst grenser for kor lenge dette er forsvarleg ut frå innhaldet i Opplæringslova.

Det reduserte rammetimetalet har til dømes ført til at ein på Straumen skule har måtta slå klassar saman i mange fleire timar enn tidlegare. Situasjonen er 2-3 årsklassar saman med ein pedagog, og i nokre økter er elevtalet oppe i 40.

Denne organiseringa gir altså store uhandterlege grupper, kvaliteten på undervisninga blir dårlegare og det kan berre forsvaras pga. økonomiske omsyn. Det er litt lettare å auke gruppestørrelsen på større skular. Sjølv om klassane får fleire elevar så får dei berre eit årstrinn i klassen noko som gjer undervisninga mykje meir handterleg. Det vil likevel vere begrensningar for kor store grupper ein kan ha på dei store skulane og. Klasseromma må vere store nok og gruppestorleiken må kunne forsvarast i høve til kva som er pedagogisk forsvareleg. For Straumen skule har konsekvensane av innsparingane dei to siste åra blitt at ein ikkje berre har slått saman klassar på mellomtrinnet, men og heilt ned i 1.-2.klasse. Til dømes har ein no 27 elevar i 1. og 2. klasse i same rom (eit rom som eigentleg er for lite for ei så stor gruppe) med kun ein lærar fleire timar i veka. Av desse 27 1. og 2. klassingane er 5 framandspråklege. Det er ein tankevekkjar at Tysvær kommune brukar eit hav av tid og pengar på blant anna Haugalandsløftet, med fokus på tidleg innsats og reduksjon av §5.1, samstundes som ein ved innsparingar på skulane må vektlegge det motsette.

Dei store samanslåtte elevgruppene gjer ikkje berre undervisning og godt læringsutbytte vanskeleg. For små rom, for få stolar og pultar og for få lærebøker er også utfordringar ein møter ved ei slik organisering. Det finst ingen ekstra ressurs til å setje inn på tidleg innsats i dei minste klassane, det er minimalt med timar til elevar som ligg i fare for avvik i fag og heile vikarressursen er lagt ut slik at ein må slå saman grupper ytterlegare dersom ein av lærarane er borte pga. sjukdom, kurs eller anna. Alt dette fører med seg at personalet vegrar seg for å være heime når dei eigentleg burde det pga. sjukdom og plager. Stressnivået med store uhandterlege grupper aukar og arbeidsbyrda tærer på helsa. Dette kan føre med seg sjukemeldingar på sikt. Straumen skule har nådd ei grense der det er uforsvarleg å skjære meir ned både med tanke på personalet sin arbeidssituasjon og det faglege tilbudet me kan gje elevane våre. Skal det skjærast ned fleire gonger må ein sjå på fordelingsnøkkelen mellom store og små skular.

Ei anna side rammekutt er at færre ressursar til ein skule betyr at ein ikkje kan drive på same måten som før. Kva oppgåver skal vekke? Kva er det ein skal nedprioritere når dei økonomiske rammene ikkje strekk til? Er det symjeundervisninga som vert gitt til alle elevane i Tysværskulen? Er det den omfattande kartlegginga av elevar, servicenivået i forhold til kontakt med foreldra eller rapportering til skuleeigar? Me meiner at rammekutt med jamn fordeling på skulane er ei altfor lettvin og lite gjennomtenkt løysing, og at dette i stor grad vil spele inn på kvaliteten i grunnskuletilbodet.

Tiltak på mellomlang sikt - nedlegging av Straumen skule

Eit anna tiltak som Agenda Kaupang presenterer i rammeplanen er at Straumen skule skal leggjast ned og at Grinde, Straumen og Førland skal tilhøyre ein sentrumssone kor skulen er lokalisert i Grinde. For 2 (!) år sidan blei noverande kommuneplan vedtatt, og me har funnet følgjande relevante utdrag i den forbindelse (uthevingar er gjort av oss):

Side 10, Overordna føringar og utfordringar

Ved utvikling av Aksdal ønskjer ein å skape eit urbant sentrum som resten av kommunen kan trekke på, og som kan bidra til å sikre busetting og levande bygder i alle deler av kommunen. Det vil vere attraktivt med kort veg til eit utvida jobb-, tenesteytings- og fritidstilbod i kommunen, både for dei som bur sentralt rundt Aksdal, og for dei som bur i mindre sentrale deler av kommunen. Kommunen har som målsetting å halde oppe busetnaden i alle deler av kommunen, og ønskjer å gjera det enklare å busetta seg også i område med spreidd busetnad.

Side 19, Overordna målsettingar for Tysvær kommune

Tysvær skal ha sentrumsutvikling og levande bygder. Tysvær kommune skal arbeide for å oppretthalde eksisterande lokalsentra og bygde-sentra på Frakkagjerd, Førre, Grinde, Førland, Skjoldastraumen og Hervik.

Side 20, Strategiar for utvikling av Tysvær

Det er vald 4 hovudstrategiar for Tysvær for planperioden 2012-2024. Dette er overordna strategiar som vil kunne bidra til at kommunen blir ein god plass å leve, bu og arbeide i framtida både for innbyggjarar, tilflyttarar og komande generasjonar. Dette er strategiar som tar omsyn til vekstkraftene og som gjer det muleg å nytte desse til utvikling både i sentrale og landlege strøk.

- *Tysvær kommune skal gi tenester med god kvalitet i ein berekraftig økonomi*
- *Tysvær kommune skal utvikle et aktivt og framtidretta kommunesenter i Aksdal*
- ***Tysvær kommune skal sikre levande bygder der folk ønskjer å bu***
- *Tysvær kommune skal vere eit regionalt knutepunkt for næringsutvikling.*

Desse 4 hovudstrategiane inneber ei prioritering av kva som er viktigast for utvikling og drift av kommunen i åra framover.

Side 21, Tenester med god kvalitet i ein berekraftig økonomi

*Tilrettelegging av areal vil bli gjort med sikte på å utnytte eksisterande kapasitet på infrastruktur og kommunale tenester best muleg. Dersom ein fordeler bustadbygginga i eit område over fleire år, vil ein få jamnare storleik på barnekulla enn ved meir konsentrert utbygging over kort tid. Fleksible skulegrenser er og eit verkemiddel som kan tas i bruk, særleg i ytre sone. **Små skular og små barnehagar kan vere dyre i drift. Samtidig er skulane og barnehagane eit sentralt element i å oppretthalde lokalsamfunn og levande bygder. Den framtidige strukturen for skular og barnehagar i Tysvær vil difor bli vurdert både i lys av økonomi og effekten skulane og barnehagane har for bygder og nærmiljø.***

Side 22, Levande bygder der folk vil bu i kommunen

Tysvær kommune ønskjer levande bygdesamfunn og har som mål at det skal bu folk i alle deler av kommunen. I arealdelen er det foreslått føresegner og retningslinjer som regulerer spreidd bygging i landbruks-, natur- og friluftsområder. Folketalsutviklinga har gått ned i indre strøk, og kommunen vil førebygge vidare nedgang i folketalet ved å legge til rette for at lokalsentra og bygdesentra har tilgang på utbyggingsareal og gode rammevilkår for utvikling.

Side 29, Skule, Nåsituasjon – kor står vi?

*Skulestrukturen i heile Tysvær er endra dei siste åra og står for dei næraste åra fram som hensiktsmessig. Tysvær har skular med **jamt over god kvalitet.***

Side 30, Skule, Målsetting – kor vil vi?

*Tysvær kommune vil utnytte eksisterande og planlagt skulekapasitet gjennom **god bustadplanlegging og tettstadsutvikling.***

Me kan ikkje forstå anna enn at det vil vere stikk i strid med vedtatt kommuneplan dersom rådmann og politikarar no går for nedlegging av Straumen skule, og me reagerer på at Agenda Kaupang ikkje har tatt omsyn til vedtatt kommuneplan i sin rammeplan for tenester til barn og unge. Agenda Kaupang sin rapport og kommunen sin kommuneplan står som to motpolar og me vil bli svært overraska om dei folkevalde vel å ignorere det overordna styringsverktøyet som kommuneplanen er, til fordel for ein rammeplan som er utarbeida av eit konsulentfirma utan noko som helst kunnskap og kjennskap til Tysvær kommune og Skjoldastraumen som bygd.

Tysvær kommune er tross alt ein kommune med mange bygder, nokre meir «levande» enn andre, og administrasjonen og politikarane har tatt omsyn til dette i kommuneplanen. Skjoldastraumen er absolutt ei av dei bygdene kor det er stor grad av livsgnist og pågangsmot, ei svært levedyktig bygd etter vår meining. Dei fleste som har busett seg i bygda vår har gjort eit bevisst val i høve til dette, og nærleik til skule og barnehage er sjølvstøtt viktige moment i ei slik vurdering (dette er viktig for folk, uansett om ein vel å busette seg i indre eller ytre strøk). Me har og nærbutikk, bensinstasjon, kyrkje, bedehus, grendehus, småbåthavn, volleyballbane, badestrand (med sanitæranlegg på gang), trelavvo med kokeplass (laga på dugnad av føresette i barnehage og skule), campingplass og mange ulike bedrifter og føretak som er lokalisert i bygda. Me har det meste ein treng for å «leve det gode liv i Tysvær». Bygda er full av ressurssterke og engasjerte innbyggjarar og det er mange store og små lokale arrangement som blir gjennomført i løpet av året. Me kan nemne store arrangement/aktivitetar som feiring av 17. mai, slusedag, slusedans og sluseløp, og me kan nemne mindre arrangement/aktivitetar som spøkelsesfest, fotballtrening, barnekor, speidargruppe, trimgrupper, Teknolab, basarar i regi av ulike foreiningar/lag og ulik møteverksemd. Skulen blir nytta til dei fleste av desse aktivitetane. Skulen er ikkje berre ein læringsarena på dagtid, den er og eit naturleg samlingspunkt i bygda, både for store og små. Straumen skule har eit godt læringsmiljø, stor trivsel og eit utruleg godt samarbeid med dei

føresette. Skulen har og eit nært og godt samarbeid med barnehagen, både i høve til overgangen barnehage og skule, ulike arrangement og bruk av gymsal og lavvo. Både skulen og barnehagen bruker lokalmiljøet aktivt, og barn i Skjoldastraumen er vant med å bruke, sjø, skog og fjell aktivt til lek og læring.

Me er redd for at mykje av aktiviteten som skjer i bygda i dag vil falle vekk dersom skulen vert lagd ned, og at bygda vil bli prega av fråflytting framfor tilflytting. For bygda vår er skulen livsviktig og me meiner at Tysvær kommune må leggje til rette for at folk kan bu i alle deler av kommunen, ikkje berre ytre strøk.

Det er heller ikkje berre verdien av ein skule i bygda som gjer at me er skeptiske til nedlegging. Lengre skuleveg kor alle barna våre blir avhengige av skuleskyss er og noko me er negative til. I eit folkehelseperspektiv er dette eit tragisk utgangspunkt for barn og unge i Skjoldastraumen. Skal elevar fraktas frå alle kantar i både Skjoldastraumen og på Førland vil ein ende opp med eit haug med ulike ruter. Kan dette vere kostnadssparane? Tysvær har allereie høge skyssutgifter i høve til resten av kommunegruppa ein samanliknar med. Med endå fleire ruter, mykje lengre strekkingar og ein høgare andel elevar som har krav på skyss er det ikkje tvil om at skyssutgiftene vil bli rekordhøge. Desse tala har ikkje Agenda Kaupang på plass. Kan ein då vite kor mykje ein vil spare på å leggje ned Straumen og Førland? Tysvær kommune ligg høgast i kommunegruppa i høve til kor mange pengar som nyttast til kultur, og kommunen vår er prega av mange flotte idrettsanlegg. Me synes det er flott at Tysvær kommune prioriterer fysisk aktivitet for barn og unge, men dersom to av bygdeskulane blir lagt ned kjem over 100 fleire elevar til å bli avhengig av skuleskyss og mange av dei idrettstilboda som no ligg i gangavstand i dei to bygdene vil truleg bli lagt ned. Kan ein kalle dette å fremje fysisk aktivitet?

Me er og skeptiske til store elevgrupper i klasserom som ikkje er laga for så store grupper. Rapporten til Agenda Kaupang er etter vårt syn for dårleg når det kjem til vurdering av storleik og standard på klasserom, spesialrom, ute- og inne-areal på dei ulike skulane. Det som er sikkert er at romstorleiken varierer veldig på kvar skule og på skulane mellom. Elevtalet er sjølvsagt heller ikkje likt frå årstrinn til årstrinn. Dette inneber at ein skule kan ha god plass til elevane på eit trinn, men ikkje på eit anna. Har Grinde skule store nok klasserom til alle elevane på dei ulike trinna ved ein samanslåing? Det vil etter vår meining vere avgjerande at desse tala kjem på plass for at ein skal kunne vurdere dette alternativet. Grinde skule må uansett byggast ut og me kan heller ikkje sjå kor ein eventuelt skulle gjere dette. For oss ser det ut til at Grinde skule allereie strevar med lite uteareal, og skulen ligg midt mellom to svært trafikkerte vegar i eit tettbygd område.

Skulebygga til Straumen skule er godt vedlikehalde og har kapasitet til fleire elevar. Det ville vore trist om skulen hadde blitt lagt ned og bygningsmassen blir ståande tom. Eller om det blir lagt ned tid og pengar i både nedlegging og utbygging (Grinde), for så å ende opp med privatskule i Skjoldastraumen. Då har plutselig Tysvær kommune spart seg til fant.

Oppsummering

Me innleia høyringsuttalen med å påpeike at Agenda Kaupang har hatt hovudfokus på innsparing, ikkje bevaring av kvalitet i tilbodet. Me meiner at dei ulike tiltaka dei foreslår er altfor dårleg vurdert og at dei truleg vil ha alvorlege konsekvensar for skuletilbodet i Tysvær, spesielt i høve til kvalitet.

Innsparingskrava som politikarane har vedtatt er etter vår meining alt for krevjande, særleg når ein samstundes skal tenkje skuleutvikling i eit lengre perspektiv. Ein kan heller ikkje sjå på utvikling av grunnskuletilbodet utan å ha med eit meir overordna perspektiv, noko me meiner manglar i forslaget til rammeplan.

Me har påpeika feil og manglar som me meiner Agenda Kaupang ikkje har teke omsyn til. Me vil likevel minne om at arbeidet til Agenda Kaupang har involvert både sektorleiarar i kommunen og representantar frå dei folkevalde. Det er difor god grunn til undre seg over at kommuneplan og forslag til rammeplan ikkje er meir samkjørte. Det er og verdt å merke seg at skule er det området som må ta den desidert største delen av sparekravet. Kvifor er det slik?

Levande bygder treng ein skule og små skular kostar meir enn større skular. Dette er fakta. Kommuneplanen er tydeleg på at levande bygder skal oppretthaldast. Då må dei folkevalde sjå på kva grep ein kan gjere for å finansiere dette.

Tiltak kan vere å auke gruppestørrelsen på skular som er større, sjå på skulegrensene og sjå på alternativet med ein stor ungdomsskule- noko som frigjer lokaler til andre skular som er sprengde. «Ostehøvelprinsippet» går ikkje lenger for dei små skulane så dette er ikkje noko alternativ, det går alt for mykje ut over kvaliteten på ein fådelt skule

Me håpar dei folkevalde no tek fram den vedtekne kommuneplanen og gjer vedtak i samsvar med denne. Me håpar dei legg til rette for bustadutvikling i alle deler av kommunen og at dei utnyttar kapasiteten i eksisterande bygg. Me håpar dei folkevalde har fokus på kvalitet i tenestene, ikkje berre innsparingar og økonomi.

Mvh FAU/SU ved Straumen skule.